

Kritiske til "kraftavlytting"

E-CO Energi AS er kritiske til selskapet Ably AS/Thomson Reuters sin søknad om å få overvake effektflyten rundt deira kraftstasjonar.

Selskapet Ably AS/Thomson Reuters har søkt Statskog SF om løyve til å setje opp to målestasjonar for å måle magnetfelt under kraftlinjer. Søknaden gjeld montering av måleutstyr i Håbergsholene, aust for hytta til fjellstyret. Dei aktuelle målestasjonane er små, om lag på storleik med ei 10 liters bøtte, og vert festa med boltar til fjell. Det same selskapet fekk i 2008 løyve til å setje opp to tilsvarande målestasjonar i området Vesterdalen/Brubotn. Eit anna selskapet i same bransje, Energyinfo AS, fekk i 2009 løyve til å setje opp tre liknande stasjonar, ein i Stemmerdalen og to i Håbergsholene.

Selt vidare

E-CO Energi AS har gitt Statsskog melding om at dei er svært kritiske til utplassering av denne typen utstyr. Kraftutbyggjaren opplyser at utstyret vert brukt til å måle effektflyten i kraftlinjene, for på den måten å kartlegge kraftproduksjonen i dei ulike anlegga. Desse opplysingane vert selde vidare til aktørar i kraftmarknaden, og kan vere til nytte for dei som spekulerer i kjøp og sal av kraft. E-CO oppmodar difor grunneigarar langs linjetraseane om å ikkje tillata utplassering av slike målestasjonar. I dette tilfellet Statsskog SF.

Overvakingsmisjon

- Dette selskapet har ingen oppdrag for E-CO, snarare tvert i mot., seier produksjonsdirektør i E-CO Energi AS, Alf Inge Berget, som fortel at den einaste misjonen knytt til montering av slikt "lytteutstyr" er å overvake kva effektflyt som går gjennom Statnett sine høgspenteleidningar i Aurlandsområdet. – Dermed kan dei også med stor grad av sikkerheit berekne korleis me til ei kvar tid køyrer våre kraftanlegg. Denne informasjonen vert selt til aktørar som måtte ha interesse i å vite om vårt kraftmessige køyremønster i anlegga våre. Slik informasjon kan vere nyttig for dei som planlegg spekulasjon i kjøp og sal av kraft, seier Berget, som meiner utplassering av slike "lyttepostar" også kan ha ei beredskapsmessig uheldig side. – Det har eit beredskapselement i seg gjennom at andre utanlandske firma får tilgang til korleis me i Norge til ei kvar tid driv våre kraftverk. Frå E-CO si side meiner me difor at Norges Vassdrags og Energidirektorat (NVE) og Direktoratet for Samsfunnstryggleik og Beredskap (DSB) bør setje ein stoppar for denne verksemda. Vår oppfordring til grunneigarar er at dei også seier nei til å gi løyve til å setje opp dette utstyret, seier Alf Inge Berget, som legg til at dette likevel ikkje er noko E-CO kan nekte. – Det er Statsskog som representant for Staten, og andre grunneigarar som kan seie nei.

Sa nei

Den siste søknaden frå Ably AS/ Thomson Reuters til Statsskog SF vart oversendt Aurland fjellstyre for handsaming. Eit samrøystes fjellstyre rår Statsskog til å seie nei til Ably AS/Thomson Reuters sin søknad om utplassering av måleutstyr. I grunngjevinga for dette heiter det mellom anna at dette er tiltak som har ingen lokal nytte- eller inntektsverknad, og at dette også kan føre til uro i samband med montering og tilsyn.

Bilete:

KRITSIKE: E-CO Energi As meiner det må setjast ein stoppar for at linjenettet deira kan avlyttast av verksemdar som sel denne informasjonen vidare til aktørar som vil spekulere i kjøp og sal av kraft. Bilete syner Håbergsholene, der det er søkt om montering av to målestasjonar. Aurland fjellstyre har oppmoda Statsskog om å seie nei til denne søknaden.

Artikkelen er henta frå «Aurlendingen» nr. 1/ 2012.